

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017**

Mona Røsvik Strømme (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Mona Røsvik Strømme gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 54 representantar til stades.

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget godkjenner at drifta av Bybanen vert konkurranseutsett.
2. Fylkestinget godkjenner at vedlikehaldsavtalen med Stadler vert vidareført ut avtaleperioden.
3. Fylkestinget godkjenner at fylkesrådmannen får fullmakt til å setja i verk organisasjonsendringane i samsvar med vedtaket i saka.»

**Terje Kollbotn (R)** sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Utgreiinga skal sjå nærare på konsekvensen for løns- og arbeidstilhøve, pensjonsrettar og kompetanseutvikling, ved ein modell for drift i eigenregi samanlikna med konkurranseutsetjing.»

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken med 33 røyster mot 21 røyster (Frp, 11H, V) for Stenseide sitt forslag. Kolbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstilleren utan realitetsbehandling.

### **Vedtak**

Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram en ny utgreiing av eigenregi. Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet kan sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbaneovgiving.

Arbeidet skal gjere greie for erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo.

Utgreiinga skal gjere greie for selskapsrettslege tilhøve, drift av sporveg, spørsmål knytt til skatt og moms, samt juridiske forhold knytt til jernbanetekniske tilhøve. Utgreiinga må også vise kva økonomiske endringar ein slik modell fører med seg for Hordaland fylkeskommune, herunder synergiar ved å organisere drift i same konsern.